

Månedsbrev, Oktober for Reben

Oktober har vore ein måned der vi på Reben har hatt fokus på haust, basar og brannvern.



Haust


Vi har bytta ut fruktmåltida nokre dagar med rå grønsaker slik at barna får smaka på norske råvarer som blomkål, brokkoli, gulrot. Barna har hjelpt flittig i fruktkuttinga og lærer å handtere farlege redskap som kniv og skrellar. I haustferie-veka slo vi oss laus og laga både banankake og gulrotmuffins. Dette var ein slags avslutning på frukt og grønt-temaet.

På turane våre har vi vore oppmerksom på alle dei flotte fargane naturen kan gje oss på hausten, med lauv som flyr i haustvinden. Vi har samlet inn blada frå blant anna geiterams og laga «haustkunst» både inne og ute. Vi har óg undra oss over typiske haustteikn; kvifor skogen skiftar farge og lauva faller ned, og kvifor mange dyr går i vinterdvale.



Bjørnis

Barna har i denne perioden lært om brannvern og fått heimebesøk av brannbamsen Bjørnis, noko som har vore spennande og stas. Mange har lurt på «når er det min tur til å ha med Bjørnis?», så det har skapt synleg engasjement blant barna, og vi håpar det óg har sett fokus på brannvern og sikkerhet rundt om i heimane. Ein dag fann vi tørka fargerike geiteramsblad og la dei i grillen for å simulere ein brann. Nokre hadde konstabelhjelm på seg og henta bøtter med vatn som skulle stå klart til slokningsarbeidet. Så tente vi på og kjente varmen frå flammene i trygg avstand. Deretter fekk barna erfare korleis vatnet slokkar ilden gjennom fyrstehandserfaring.



Basaren

Basaren vart ein suksess der vi samla inn heile 8896,- kroner til tv-aksjonen. Tusen takk til alle som kom og bidrog til dette! I forkant av basaren var barna med å lage blåbær-muffins som foreldra kunne kjøpe.

«Vi er forskjellige» er eit tema vi har jobba med litt i tilknytning til tv-aksjonen. Her har vi i det daglege der det passar seg samtala med barna og sett fokus på at vi er ulike som menneske. Vi vil, vi kan, og vi gjer ulike ting fordi vi er forskjellige. Vi har teikna vårt eige ansikt, med bilde av barnas auger som vart limt på teikninga. Då kunne barna sjå seg i speilet samtidig som dei teikna for å prøve å legge merke til kva som var spesielt med dei sjølv. Vi har ein tanke om at når dei lærer seg sjølv og sin kropp og følelser å kjenne, kan dei enklare forstå og sjå andre barn gjennom leiken.



Barnas fokus i leiken

Reben har ei aktiv barnegruppe med høgt aktivitetsnivå. Vi prøvar i hovudsak å legge til rette for motorisk utfoldande aktivitetar i uteleiken eller når vi er i hallen. Når vi er inne treng barna rolegare aktivitar som teikning, pusling, perling og lesing når vi er inne slik at dei får øvd seg på å roe ned, puste og konsentrere seg om ein aktivitet om gongen.



HUGS at været er veldig skiftande på hausten, derfor treng barna både varme vinterklær og sko, og regnklær, støvler og varme mellomplagg. Det kan være lurt å ha minst 1 skift av inneklær og votter og luer.

Vi gleder oss til ein ny månad før den koselige adventstida kjem! 😊

Helsing Marit, Signe, Veronica, Sandra, Tove og Bjørn Olav